



Bassengutstyr AS
Skinmoveien 2
3270 LARVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/714 - 19/14580

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
26.06.2019

Godkjenning - løyve til etablering av basseng - gbnr 9/83 Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 146/2019

Tiltakshavar: Ingunn Sørli Verlo
Ansvarleg søkjar: Bassengutstyr AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av basseng med følgjande dimensjon: bredde på 3,75 m og lengde på 8 m. Utnyttingsgrad på eigedommen er uendra da omsøkte basseng er ikkje overbygga og går ikkje over ferdig planert terrengnivå.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.05.19.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mongsedalen/Mjukebakkane med plan idnr 125620010502 er definert som byggeområde for bustad. Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.03.19. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4,1 meter. Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Utsjånad:

Tiltaket har ei forsvarleg utforming og utsjånad og er i samsvar med plan- og bygningslova § 29-1, jf vedlagte teikningar stempla motteke 24.05.19.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tryggingstiltak:

Pbl. § 28-6 stiller følgjande krav til tryggleik ved oppføring av basseng mm.:

"Basseng (...) skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem."

Vidare inneheld same lovføresegn heimel for å presisere tryggingskrava nærmare gjennom forskrift, men denne heimelen er så langt ikkje nytta. Kommuneadministrasjonen viser likevel til oppheva TEK av 1997, og kor følgjande vert referert frå § 7-48 (med administrasjonen si understreking):

"Tilfredsstillende sikkerhet oppnås ved solid og sikker tildekning, innhegning eller innbygging i avlåst rom."

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk. Driftsavdelinga skal kontaktast ved tilkopling.

Bassengvatnet skal deklorerast før det skal sleppast ut i terrenget. Naboieigedommar skal ikkje vere råka av tiltaket.

Ansvarsrett

Det er motteke gjennomføringsplan, datert 25.03.19, kor forateket Bassengutstyr AS erklærer ansvaret for PRO/UTF for heile tiltaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av basseng på gbnr 9/183 på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 08.03.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.*
- 2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk. Det må kontaktas Driftsavdelinga ved påkopling.*
- 3. Det skal monterast vassmålar for vassinntak. Rørleggjar må registrere vassmålar nummer i kommunen og gi ferdigmelding om installasjonen.*
- 4. Vatn frå basseng skal deklorerast før det kan sleppast ut i terrenget.*
- 5. Sikring av basseng skal skje i samsvar med PBL §28-6 og TEK17 § 8-3*
- 6. Bassengets maskinrom (renseanlegg) skal plasseras slik at driften ikkje er til ulempe for naboar.*
- 7. Det skal søkjast om ferdigattest ved ferdigstilling av tiltaket etter PBL §21-10.»*

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/714

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Anny Bastesen
Teknisk sjef

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart
Ansvarsrett
Teikning

Kopi til:

Ingunn Sørli Verlo

Mongsedalen 42 5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Bassengutstyr AS

Skinmoveien 2 3270

LARVIK